




KVAM HERAD

REGULERINGSFØRESEGNER FOR:

**PARSELL AV FV 49, ODDLAND-LIDARENDE, VIKØY,  
KVAM HERAD**

FORSLAGSSTILLAR:

**KVAM HERAD, GROVAGJELET 16,  
5600 NORHEIMSUND**

Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslova § 27-1	Saksnr.	Dato.	Saksh./Sign.
Planavklaringsmøte		01.04.05	EU
Varsel om oppstart av planarbeid i Hordaland Folkeblad og Bergens Tidende		17.02.06	EU
1. gongs handsaming i nærings-, plan- og bygningsutvalet	078/09	30.06.09	JONE
Kunngjering i Hordaland Folkeblad		14.07.09	JONE
2. gongs handsaming i nærings-, plan- og bygningsutvalet	127/09	26.11.09	JONE
Vedtak i Kvam heradsstyre	104/09	01.12.09	JONE
Kunngjering av vedtak		04.01.10	JONE
Vedtak i Kvam heradsstyre	114/09	01.12.09	JONE
Kunngjering av vedtak		22.12.09	JONE
<b>Sakshandsaming i samsvar med plan- og bygningslov av 27. juni 2008.</b>			
Vedtak i nærings-, plan- og bygningsutvalet	056/10	30.04.10	JONE
Ny 2. gongs handsaming i nærings-, plan- og bygningsutvalet	004/11	02.02.11	JONE
Endeleg vedtak i Kvam heradsstyre	009/11	15.02.11	JONE
Kunngjering av vedtak		01.03.11	JONE
I medhald av § 12 i plan- og bygningslova. Planen er vedteken 15. februar 2011 Sign.: 			

PlanID: 123820090015

Arkivsaknr: 2004002187



## 0. GENERELT

### 0.1 Plandokument

Reguleringsplanen er heimla i plan- og bygningslova (pbl) av 27. juni 2008, og består av desse føresegnene og plankart dagsett 01. mai 2009. Planavgrensing går fram av plankartet.

### 0.2 Føremål med planen

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for ei standardheving av Rv 49 på parsellen mellom Oddland og Lidarende. Med det vil ein oppnå:

- Midtlinje på heile traseen.
- Omlegging/utslaking av kurve i Skiftesgjel og kurve nordvest for Lidarende.
- Gang-/sykkelveg mellom Oddland og Lidarende, noko som vil gje samanhengande gang-/sykkelveg mellom Vikøy og Aksnes.

### 0.3 Arealbruksføremål

Planområdet (20,9 daa) er regulert til fylgjande arealbruksføremål (tilvisning til § 12 i plan- og bygningslova):

#### Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12-5 nr. 2)

- 2011 Køyreveg (4,8 daa)
- 2015 Gang-/sykkelveg (1,9 daa)
- 2018 Annan veggrunn - tekniske anlegg (8,0 daa)

#### Landbruks-, natur- og friluftsområder (pbl §12-5 nr. 5)

- 5112 Skogbruk (6,2 daa)

#### Omsynssoner (pbl § 12-6 nr. a)

- a.1) Sikringssone - frisikt

#### Føresegner (pbl § 12-7 nr. 1)

- Mellombels anleggsområde vegbygging

## 1. AREALBRUKSFØREMÅL


### 1.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12-5 nr. 2)

#### 1.1.1 2011 Køyreveg

Det regulerte området skal nyttast til køyreveg med den linjeføring som er vist i plankartet. Det er ikkje høve til å opparbeida andre avkøyrslar enn dei som er vist i plankartet. Flate 2011-1 er offentleg veg (fv 49).

#### 1.1.2 2015 Gang-/sykkelveg

Det regulerte området skal nyttast til offentleg gang-/sykkelveg. Tilkomst til skogbruks-avkøyrslar kan kryssa gang-/sykkelvegen i profil 295.



### **1.1.3 2018 Annan veggrunn - tekniske anlegg**

Innanfor trafikkareala inngår annan veggrunn som grøfter, rekkverksrom, fyllingar, skjeringar, areal til frisiktsoner, murar, kulvertar og areal frå topp skjering/fot fylling til eigedomsgrense. Flate 2018-1, 2018-3 - 2018-6, 2018-8 og 2018-9 er offentleg veggrunn.

## **1.2 Landbruks-, natur- og friluftsområder (pbl §12-5 nr. 5)**

### **1.2.1 5112 Skogbruk**

Det regulerte området skal nyttast til skogbruk. Det kan opparbeidast skogbruksavkøyrsløse til gnr. 5, bnr. 2 i samsvar med plan i profil 295.

## **1.3 Omsynssoner (pbl § 12-6 nr. a)**

### **1.3.1 a.1) Sikringssone - frisikt**

Siktkrav i plankryss vert definert som sikttrekantar. Hovudvegen sin køyrebane, sett frå avkøyrsla, bør vera synleg i heile sikttrekanten. Innanfor sikttrekanten skal eventuelle sikthindringar ikkje vera høgare enn 0,5 m over hovudvegen sitt køyrebanelivå.

## **1.4 Føresegner (pbl § 12-7 nr. 1)**

### **1.4.1 Mellombels anleggsområde vegbygging**

Areal som er avsett til mellombels anleggsområde kan nyttast til anleggsvegar, deponering av massar/rigg i anleggsperioden m.m.. Før anlegget er avslutta skal arealet dekkast til med jordmassar og setjast i stand slik at det kan nyttast til skogbruksareal. Etter avslutta anlegg går arealet over til reguleringsføre mål 5112 skogbruk .